



## Innkalling av Kommunestyret

**Møtedato:** 21.04.2016  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 11:00

**Under orientering vert det ei oppsummering av prosess for kommunestruktur.**

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
019/2016	Godkjenning av innkalling og saksliste
020/2016	Godkjenning av møtebok
021/2016	Referatsaker
022/2016	Orienteringssaker
023/2016	Takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd - eigedomsskattepliktige eigedommar i Modalen kommune
024/2016	Val av felles sakkunnig nemnd og felles klagenemnd for eigedomsskatt - Masfjorden kommune og Modalen kommune

12. april 2016

Tom Kristian Thorsen  
møteleiar

Øivind Olsnes  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/74

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
019/2016	Kommunestyret	PS	21.04.2016

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/74

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/2016	Kommunestyret	PS	21.04.2016

### Godkjenning av møtebok

#### Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 10.03.2016

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/74

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
021/2016	Kommunestyret	PS	21.04.2016

### Referatsaker

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
021/2016.1	Protokoll Regionråd 2-2016, mandag 29. februar
021/2016.2	Årsrapport 2015 Nordhordland kemnerkontor

#### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll Regionrådet 2-2016, 29. februar  
Årsrapport 2015 Nordhordland kemnerkontor

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/74

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
022/2016	Kommunestyret	PS	21.04.2016

### Orienteringssaker

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
022/2016.1	Høringsbrev - Modalenpakken - 8 småkraftverk i Modalen kommune i Hordaland. NVEs referanse: 201307610-9

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Høringsbrev - Modalenpakken - 8 småkraftverk i Modalen kommune

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 232	16/75

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/2016	Formannskapet	PS	05.04.2016
023/2016	Kommunestyret	PS	21.04.2016

## Takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd - eigedomsskattepliktige eigedommar i Modalen kommune

### Forslag til vedtak:

Framlegg til takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd – eigedomsskattepliktige eigedomar i Modalen kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i saksvedlegget, og legg føringa på det formelle takseringsarbeidet i kommunen.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunen legg opp til ny taksering av eigedomar, spesielt retta mot den nye kraftlina Modalen – Mongstad, kor ein ser for seg ein auke i eigedomsskattegrunnlaget. I den samanheng treng ein oppdaterte takstvedtekter. I neste omgang må ein velje takstnemnder, og kor ein prøver å få dette til i samarbeid med Masfjorden kommune.

#### Vurdering

Det er i hovudsak to tilnærmingar på takseringsarbeidet i kommunal regi, enten taksering i eigen regi av nedsett takstnemnd eller sakkunning nemnd. Sakkunning nemnd bruker eksterne takstmenn til verdivurdering før nemnda deretter fastset eigedomskatt. I saka har vi valt tilnærminga med sakkunning nemnd, etter tilråding frå LVK, samt brukt dei standardvedtektene som dei har utarbeidd for takstnemnder i samsvar med eigedomsskatteleva. Modalen har i dag ca. 21 mill.kr. i samla eigedomsskatteinntekter. Ein stor del av desse er knytt til kraftverksbeskatning. Det er forventa ein vesentleg nedgang i eigedomsskatten i åra framover.

Ein har avventa ny taksering av eigedommar generelt og spesielt retta mot den nye kraftlina Modalen – Mongstad kjem på plass. Ei ny taksering vil kunne gje ein auke i eigedomsskattegrunnlaget då det er mange år sidan sist taksering. Det er derfor no trong til å gjere ein grundig gjennomgang av takstgrunnlaget for ulike eigedomar.

Aktiviteten i takstnemnda har vore låg i fleire periodar, men ein ser for seg at arbeidet i takstnemnda vil ta seg opp i noverande periode. For å kunne utføre dette arbeidet på ein god måte, er det viktig for kommunen å ha gode og oppdaterte takstvedtekter. Modalen har ytra ønske om å få på plass ei fellesnemnd med Masfjorden. Heimelen for dette er sjekka ut. Dette er muleg å få til og ein prøver difor å få dette til i samarbeid med Masfjorden kommune. I neste omgang vert det ei viktig oppgåve for valnemnda å komme med framlegg på kandidatar til ordinær takstnemnd og til klagenemnd, samla sett treng ein å velje 12 personar.

### **Konklusjon**

Framlegg til takstvedtekter for sakkuning nemnd og sakkuning klagenemnd – eigedomsskattepliktige eigedomar i Modalen kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i saksvedlegget og legg føringa på det formelle takseringsarbeidet.

Valnemnda må finne x representantar og x personlege vararepresentantar til sakkuning nemnd, og tilsvarande x representantar og x personlege vararepresentantar til sakkuning klagenemnd, samt koordinere dette med valnemnda i Masfjorden kommune, med sikte på at desse representantane vert valde i Kommunestyremøte i april 2016.

### **Formannskapet - 020/2016**

#### **FOR - behandling:**

Rådmannen og ordførar orienterte kort om saka.

Moglege kandidatar frå Modalen til å vere med i felles takstnemnd/klagenemnd med Masfjorden vart drøfta. Ordførar føl opp dette i samråd med leiar av valnemnda i Masfjorden. Valnemnda(ene) legg fram si tilråding til møte i kommunestyret den 21. april.

#### **FOR - vedtak:**

Framlegg til takstvedtekter for sakkuning nemnd og sakkuning klagenemnd – eigedomsskattepliktige eigedomar i Modalen kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i saksvedlegget, og legg føringa på det formelle takseringsarbeidet i kommunen.

#### **Vedlegg:**

Vedtekter sakkunnig nemnd eigedomsskatt

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 033	15/283

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
024/2016	Kommunestyret	PS	21.04.2016

## Val av felles sakkunnig nemnd og felles klagenemnd for eigedomsskatt - Masfjorden kommune og Modalen kommune

### Forslag til vedtak:

Felles sakkunnig nemnd for eigedomsskatt for valbolken 2015 -2019 er:

Leiar	persomleg vara
Nestleiar	persomleg vara
Medlem	persomleg vara

Felles klagenemnd for eigedomsskatt for valbolken 2015 -2019 er:

Leiar	persomleg vara
Nestleiar	persomleg vara
Medlem	persomleg vara

**(Framlegg til namn vil verte lagt fram i møtet)**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Lov om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova) § 8 A-3 (2) fastslår at det skal vere ei allmenn taksering i kommunen kvart tiande år. Kommune skal dekke kostnadane ved taksering og kommunestyret skal utnemne dei personane som skal stå for takseringa. Dette kan gjerast ved å utnemne dei personane som skal stå for takseringa ved behov, eller så kan kommunestyret utnemne ei sakkunnig nemnd som skal setje taksten på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn, jf § 8 A-3 (4).



Masfjorden og Modalen kommunar har i april 2016 vedteke likelydande takstvedtekter for sakkunnig nemnd og klagenemnd for eigedomsskatt. Det er vidare lagt opp til å velje felles sakkunnige nemnder til å gjennomføre takseringa i begge kommunane.

### **Fakta**

Eigedomsskattelova § 21 slår fast at formannskapsmedlemmer ikkje kan vere med i eigedomsskatte-nemnder. Dette gjeld både faste medlemmer og varamedlemmer. Takstvedtektene slår fast at dei som er valbare og pliktige til å ta i mot val til kommunestyret og er valbare som medlem til takstnemndene.

Både ei sakkunnig nemnd og klagenemnder å rekne som takstnemnder.

Takstnemnder er rekna som eit fast utval etter kommunelova § 10 og det er reglane om val av nemnder som gjeld for desse utvala.

Takstvedtektene gjev føringar for korleis arbeidet i nemndene skal utførast.

### **Vurdering**

Kommunestyra i Masfjorden og Modalen kommunar skal i samsvar med pkt 1.1 og 1.2 i takstvedtektene velje ei sakkunnig nemnd på tre medlemmer med personlege varamenn og ei klagenemnd på tre medlemmer med personelege varamenn.

I saksførebuinga til takstvedtektene er det avtalt at det skal veljast to medlemmer med personleg vara frå Masfjorden kommune og eitt medlem med personleg vara frå Modalen kommune til kvar av nemndene.

### **Konklusjon**

Kommunestyra i Masfjorden og Modalen kommunar vel felles sakkunnig nemnd og klagenemnd for eigedomsskatt etter at valstyra i kommunane har gjort sine vedtak.

Valnemndene i kommunane legg fram sitt samordna framlegg til medlemer i møte.